

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 17/7740-9

## **Fv. 60 Hildestranda - Innvik, fråvik frå planlegging etter ny handbok N100 Veg- og gateutforming**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Det vert gjeve fråvik frå planlegging etter ny handbok N100 Veg- og gateutforming under føresetnad av at avbøtande tiltak vert gjennomført.

**Vedlegg:**

Ingen

**Andre relevante dokument i saka:**

[Ny Handbok 100 Veg- og gateutforming](#)

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Reguleringsplan for fv. 60 Hildestranda – Innvik i Stryn kommune er under utarbeiding. Planen vart lagt ut på høyring hausten 2017. Kulturavdelinga i fylkeskommunen stilte krav om arkeologiske utgreiingar. Dette vart ikkje gjennomført, men vart ikkje svart ut før i oktober 2018. Planen er ikkje godkjent og ny handbok N100 vart gjort gjeldande frå 5. desember 2018.

Ut i frå dette meiner Statens vegvesen at dette er ein formalitet som må handsamast som eit fråvik frå ny handbok N100.

Grunnen for at saka er fremja

Det er vedteke ny handbok N100 Veg- og gateutforming gjort gjeldande frå 5. september 2018.

Reguleringsplanen for fv. 60 Hildestranda – Innvik er utarbeidd etter gamal N100, standard U-H2 (Utbetringsstandard øvrig hovudveg). Krav i ny handbok er Hø2 (øvrige hovudvegar med ÅDT<12000 og fartsgrense 60 km/t).

For planar som er utarbeidd etter gamal handbok men som enno ikkje er vedtekne, er det vedtakstidspunktet som styrer kva handbok som skal nyttast. Dersom ein plan som er utarbeidd etter tidlegare normal, men ikkje vedteken, og ein kan gjere ein av følgjande tre:

1. Endre planen slik at den vert i samsvar med ny gjeldande normal. Om naudsynt, leggje planen ut på høyring ein gong til.
2. Søkje om fråvik frå dei punkta i ny normal som ein no er i konflikt med.
3. Søkje om fråvik for å nytte tidlegare normal.

Det er punkt 3 som er gjort gjeldande i denne saka.

Kravet i ny handbok er eit såkalla «skal-krav» og i følgje «Delegerings- og innstillingsreglementet» skal fråviket handsamast av fylkesutvalet.

Prosjektet er ikkje prioritert med investeringsmidlar i inneverande planperiode.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Planen er samanlikna med ny aktuell standard Hø2 og gamal standard U-H2. Det er liten skilnad i krava.

Ny standard har litt strengare krav til sikt og kurvatur. Sikt lengda er endra frå 65 meter til 70 meter utan at det verkar inn på reguleringsplangrensar. Det same gjeld for ei vertikalkurve. Ei overgangskurve (klotoide) er for liten. Elles er det ingen kjende parameter som ikkje held krava i ny standard.

Konsekvens for teknisk kvalitet  
Fråviket gir ingen konsekvensar.

Konsekvensar for tryggleik (for trafikantar)  
Fråviket gir ingen konsekvensar.

Konsekvensar for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS  
Fråviket gir ingen konsekvensar.

Konsekvensar for estetikk  
Fråviket gir ingen konsekvensar.

Konsekvensar for økonomi  
Fråviket gir ingen innverknad på byggjekostnader

Konsekvensar for drift og vedlikehald  
Fråviket gir ingen konsekvensar.

Konsekvensar for framkomst (gjeld alle køyretøy- og trafikantgrupper)  
Fråviket gir ingen konsekvensar.

### Andre konsekvensar

Dersom fråvik ikkje vert gjeve, vil det ha innverknad på plankostnad og framdrift på planen. Planen låg til høyring hausten 2017 og har venta på tilbakemelding på arkeologiske registreringar før handsaming i kommunen. Ved å endre standard må planen leggjast ut på nytt. Det er ikkje sett av pengar til bygging, og det er usikkert om og når og om det blir bygt.

### Framlegg til avbøtande tiltak

Vi vil rette opp sikt lengde og ein vertikalkurve i samsvar med ny standard utan at det verkar inn på reguleringsplangrensa og inngrep i naboeigedommane. I saksbehandlinga etter at planen har lege ute på høyring skriv vi avsnitt om endringar i plankartet og omtalar dette her. Av kjende parameter vil det då vera ei overgangskurve (klotoide) som er for liten i forhold til ny standard.

Statens vegvesen tilrår at fråvik vert gjeve fordi planarbeidet er kome så langt. Dei ser ingen trafikkikkerheits- eller trafikkmessige problem, og rår til at fråviket vert gjeve under føresetnad av at avbøtande tiltak vert gjort.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår fråvik frå planlegging etter ny handbok i samsvar med tilrådinga frå Statens vegvesen. Dette på bakgrunn av konsekvensar for kostnads- og tidsramma til planprosjektet, og at det ikkje er funne at fråviket gir negative konsekvensar.